ULSTEIN KOMMUNE

Vår referanse: 26/2242 26/15151
Saksbehandlar: Jarl Martin Møller
Dato: 02.11.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
127/26	formannskapet	10.11.2026
49/26	fellesrådet	16.11.2026
43/26	ungdomsrådet	16.11.2026
14/26	administrasjonsutvalet	17.11.2026
133/26	formannskapet	17.11.2026
79/26	levekårsutvalet	18.11.2026
105/26	teknisk utval	19.11.2026
	formannskapet	
	kommunestyret	

Økonomiplan 2027-2030 - Budsjett 2027

Samandrag:

Kommunedirektøren legger fram forslag budsjett og økonomiplan for 2027-2030.

Før formannskapet legger planen ut til offentleg ettersyn vert andre utval og råd invitert til å kome med uttale.

Du finn den ved å trykke på denne lenka → https://pub.framsikt.net/2027/ulstein/bm-2027-okonomiplan_2027_til_2030

ungdomsrådet 16.11.2026

Behandling:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

UNG - 43/26 Vedtak
Ungdomsrådet tek økonomiplan og budsjett til vitande, med fylgjande kommentar:
Med tanke på ikkje prioriterte prosjekt i oppvekst- og kultur:

- Skulebibliotekar Ulsteinvik barneskule
  - Med tanke på tala som har kome fram i PISA-undersøking, er det viktig å satse på leselyst, og legge til rette for det. Skulebibliotekar er viktig for å oppfylle dette.
    Skulebibliotek er også viktig for å ha eit rom for stille rom. Då trengs det ein bibliotekar som held ro.
- iPad for småskulen
  - Dersom iPad skal brukast, er det viktig at ein framleis også har fysiske lærebøker. Ein må bygge grunnlag for å kunne bruke fysiske læremiddel seinare i livet. Det er viktig med reflektert og balansert bruk, ikkje gjere alt digitalt.

- Lærlingplassar
    - Det å kunne tilby nok lærlingplassar til dei som ynskjer å bli lærling, er eit viktig tiltak for også for å hindre utanforskap.

Generell kommentar:
Ungdomsrådet meiner det er viktig at budsjettet også tek høgde for grøn omstilling, i tillegg til demografiutfordringar. Desto lenger ein pushar det foran seg, til meir påtrengande vert utfordringane knytt til dette.

Det er viktig at alle har muligheit til å vere med på fritidsaktivitet, uavhengig av familieøkonomi, og at her er variert tilbod på fritida, både kommunale og frivillige.

Busstilbodet i kommunen er eit tilbakevendande utfordring for ungdommen, spesielt for å vere med fritidsaktivitet på kveld og helg.

Ungdomsrådet saknar gatelys på fleire av dei kommunale vegane, spesielt i krins. Det blir veldig fort mørkt der det ikkje er gatelys, dersom ein er med på fritidsaktivitet i sentrum, og tek buss heim etterpå.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Ulstein kommunestyre godkjenner økonomiplan 2027-2030 og årsbudsjett 2027 slik det går fram av framlegget og med dei rammene som det går fram av tabellar og oppstillingar under menypunkt “Budsjettvedtak” i framlagt plan

2. Ulstein kommunestyre godkjenner eit låneopptak på kr. 99 010 000,- for år 2027, her av kr 16 000 000,- til startlån for vidare tildeling.

3. Alle lån i porteføljen kan vere gjenstand for refinansiering i budsjettåret 2027.

4. Ulstein kommunestyre godkjenner sektorane sine nye betalingssatsar for år 2027 slik det går fram av menypunkt "Gebyrliste".

5. Ulstein kommunestyre vedtek med heimel i eigedomsskattelova (esktl.) §§ 2 og 3 bokstav g) slikt utskrivingsalternativ for skatteåret 2027:

Faste eigedomar i heile kommunen, unnateke næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum. Etter dette vil følgjande eigedomar vere omfatta av skatteplikt: alle bustadeigedomar og fritidseigedomar (herunder våningshus, garasjar og naust) og ubygd grunneigedom (ikkje tomter regulert til næring).

A. Skattesatsen vert sett til 1,5 promille jf. esktl. §11 og §13.

B. Med heimel i eigedomsskattelova § 7 a kan «eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten» søke kommunestyret om å få fritak for eigedomsskatt. Søknadsfrist vert sett til 14.februar 2027.
C. Med heimel i eigedomsskattelova § 7 b kan «bygning som har historisk verde» søke kommunestyret om å få fritak for eigedomsskatt. Søknadsfrist vert sett til 14.februar 2027.
E. Med heimel i eigedomsskattelova § 7 c vert nyoppførte bustadhus friteke for eigedomsskatt inntil formuesgrunnlaget føreligg, men maksimalt eit år etter oppføring.
F. Ulstein kommune skal nytte siste tilgjengelege tal frå Skattedirektoratet sitt register for «Formuesgrunnlag for likning av bustader i Ulstein kommune» som grunnlag for eigedomsskatten.
G. Eigedomsskatten forfell til betaling over 6 terminar.

6. I påvente av sak om vidare busetting av flyktningar er det i budsjettet tatt høgde for busetting av 45 flyktningar i år 2027.

7. Ulstein kommunestyre ber administrasjonen om å arbeide vidare med tiltak som ikkje er ferdigstilt jf. tidlegare budsjettvedtak og som vist på sektornivå i Framsikt.

8. Ulstein kommunestyre godkjenner oppretting av kommunalområdet «Vertskommunesamarbeid» for interkommunale samarbeid der Ulstein kommune er vertskommune. Den samla aktiviteten i samarbeida blir budsjettert og rapportert på det nye kommunalområdet, medan Ulstein kommune sin eigen del blir budsjettert og rapportert på dei ordinære kommunalområda.

Vedtak som innstilling frå formannskapet, 10.11.2026 - 127/26
Formannskapet tek orienteringa og budsjettframlegget frå administrasjonen til vitende.

Saksopplysningar:

Bakteppet for årsbudsjett for 2027 og økonomiplan for 2027 til 2030 byggjer på fleire år med økonomiske utfordringar og omstillingsarbeid i Ulstein kommune.

Kommunen har hatt svake økonomiske resultat, høgt kostnadsnivå og store meirforbruk. Dei siste åra har kommunen arbeidd med prioriteringar og omstilling for å få betre samsvar mellom inntekter, utgifter og ambisjonar.

Omstillingsarbeidet har gitt resultat og vi er på rett veg.

Ulstein toppa Kommunebarometeret i 2022 og har sidan halde seg mellom dei beste kommunane i landet.

Dei to store sektorane i kommunen og utgjer ein vesentleg del av økonomien. Det er viktig at desse to, *helse og omsorg* og *oppvekst og kultur,* går godt og har god struktur i åra framover.

Innan helse og omsorg legg budsjettframlegget opp til å vidareføre omstillingsprogramma som er sette i verk i 2026, også i 2027.

Oppvekst og kultur har starta arbeidet med ein strategiplan for sektoren med utgangspunkt i samfunns- og levekårsplanen som kommunestyret har vedteke. Arbeidet er i ein tidleg fase, der dei som kjenner kvardagen i tenestene, blir involverte. Deretter skal det prioriterast tiltak som skal munne ut i konkrete handlingsplanar og utviklingsprogram for Ulsteinskulen.

På Demokratikonferansen i Ulsteinvik i 2026 vart det løfta opp inkludering av fleire i arbeidslivet. Vi legg fram tiltak, eit signal, om at Ulstein skal prioritere dette særskilt.

Innan teknisk område omfattar det vidare arbeidet trygging av skulevegar, oppstart av viktige infrastrukturtiltak, nye næringsområde og digital utvikling.

Eigedomsavdelinga skal arbeide vidare med vedlikehald av bygningsmassen og gjennomføring og utvikling av viktige investeringsprosjekt.

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren vurderer at prioriteringane og omstillingsarbeidet dei siste åra har gitt betre økonomisk kontroll og eit meir berekraftig utgangspunkt.

Budsjettframlegget byggjer vidare på dette arbeidet.

Hovudretninga er å sikre stabile og føreseielege rammer for tenestene, sikre inntekter, halde kontroll på kostnadsutviklinga og byggje langsiktig økonomisk handlingsrom. Dei statlege rammene er eit viktig grunnlag, men kommunen må sjølv prioritere og sikre trygg, effektiv og forsvarleg bruk av ressursane.

Disposisjonsfondet er under det vedtekne måltalet. Kommunedirektøren vurderer at kommunen treng tilstrekkeleg store resultat i 2026 og 2027 for å byggje fondet opp mot målet. Det kan òg bli nødvendig å nytte 2028 til dette. Behovet for å styrkje fondet må inngå i vurderinga av det økonomiske handlingsrommet i planperioden.

Resultata i Kommunebarometeret gir eit godt utgangspunkt for vidare tenesteutvikling. Samstundes må kommunen sjå tenestenivå, arbeidsformer, investeringar og organisering i samanheng.

Omstillinga skal ikkje berre redusere utgifter, men òg sikre at ressursane blir brukte der dei gir størst verdi for innbyggjarane. Målet er å halde ved lag god tenestekvalitet innanfor dei økonomiske rammene kommunen har.

Ein viser elles til den digitale versjonen av budsjett og økonomiplan 2027-2030 i Framsikt.

Du finn den ved å trykke på denne lenka → https://pub.framsikt.net/2027/ulstein/bm-2027-okonomiplan_2027_til_2030

Jarl Martin Møller	
kommunedirektør	